

Nr. 4-2024, årgang 60

# KYRKJELYDSBLAD

FOR NISSEDAL SOKN

Med meldingsblad for Nissedal kommune



Treungen kyrkje



Nissedal kyrkje



Felle kapell

JOLA 2024



# «SO BLÆDDE DEI SALMUR»

## «Du grøne glitrande tre, god dag!»

Det er haust med skiftande dagar med sol og vind og regnbyger. Fargerike lier står etter kvart nakne og mørke, men snart kan me glede oss over adventsdagar med skinande ljós både frå hus og hagar. Denne venda har me ei lita samtale med Arvid Hansen. Arvid er med i den andre bolken sin i soknerådet, men dei fleste kjenner han nok best frå ærend når han kjem innom med reiskap og stødige hender for å få skikk på røyr og vatn, bad og toalett. Arvid kan sjå tilbake på heile 47 års yrkesliv, og framleis manglar det ikkje på arbeidsoppgåver, men som pensjonist har han tid til å kjenne på førjolsstemning og la tankane fare attende til førjolstid og joledagar i oppvekståra.



### - Du kan nok minnast ein del frå førjolstida i gutedagane dine?

- Ja, eg minnest at det var ei koseleg tid. I oppvekståra mine var det nok ikkje så mykje tale om advent med konsertar og jolebord slik som nå, trur eg, men som i andre heimar dreiv mor mi med bakst og ølbrygging, og mi skreiv jolekort og ordna med pakkur. I Tveitsund var det ikkje så mykje glitter og stas, men det lykte nå fint frå ein tråd med ljós som var hengt opp innmed Samvirkelaget. I butikkane var det joleutstillingar, og på skulen øvde mi på jolesangar og laga litt jolepynt som mi kunne få med okkon heim. Alt detta var med på å skape jolestemning.

### - De venta på jola?

- Ja, det gjorde mi, og så endeleg var dagen der. På føremiddagen på jolekvelden rusla mi av stad for å helse på besteforeldra okkos og tante Minna. Der kunne mi au treffe andre frå storfamilien.

Både foreldra mine og eg og dei tri syskena mine var sammen om å pynte joletreet. Alt lukta reint frå vask og skuring. Når mi hadde stelt okkon og trekt på okkon reint tøy, syns jolefreden sige på. Så sette mi okkon ti bords. Far min las joleevangeliet, og det dufta frå steik og surkål alt som godt var.

For ein liten kar var det hardt nok å kikke på pakkune som stakk fram under joletreet, og så måtte vente heilt til oppvasken var unnagjort, men mi skulle lære okkon ti å kunne vente med ting au.

I joledagane møtttest mi i hyggelege familieselskap. Tulla og Nils Børufsen var tidleg ute med å få fjernsyn, så eg såg fram til å kome ned til dei. Mi kunne au glede okkon til joletrefestane i Frikyrkja tredjedag jol og på Bedehuset femtedag. Seinare i jola gjekk mi jolebukk. Eg må nemne at mi blei særskilt godt mottekne av Tarjei og Andrea Lien. Her fekk mi allstøtt med okkon både frukt og godteri.

### - He du med deg joleskikkar frå gutedagane inn i eigen heim?

- Ba og eg he nok med okkon litt frå kvær av barndomsheimane okkos. Ba he blant anna hatt

med seg skikken med å ha pinnekjøt til jolekveldsmiddag. Joledagen kjem det fisk på mid-dagsbordet, men dei som ikkje vil ha det, kan alltid få pinnekjøt. Mi set naturlegvis pris på å treffast i hyggelege familielag og samlast til rolege dagar med alt godt som høyrer jola ti. Og så er det gildt å få høyre jolesangane på nytt. «Du grøne glitrande tre, god dag!» syns eg er ein jolesang som skaper ei god stemning og fær fram jolebodskapen i ei fin ramme med tre frå skogen med ljós og norske flagg.

TV

## Du grøne glitrande tre, god dag!



*Du grøne, glitrande tre, god dag!  
Velkommen, du som vi ser så gjerne,  
med jolelys og med norske flagg  
og høgt i toppen den blanke stjerne!  
Ja, ho må blenkja så vi må tenkja,  
ja, ho må blenkja så vi må tenkja  
på Jesus Krist, på Jesus Krist.*

*Den fyrste jol i eit framandt land  
den store stjerna på himlen lyste.  
Ho skulle syna for alle mann  
den ringe heim som vår Frelsar hyste.  
I stjerneglansen gjekk engledansen,  
i stjerneglansen gjekk engledansen  
om Betlehem, om Betlehem.*

*Om Jesus-barnet fortalte mor  
om kvelden heime, når vi var inne.  
Vi veit hans bod og hans milde ord,  
og aldri dei skal gå oss or minne.  
På han vi tenkjer når stjerna blenkjer,  
på han vi tenkjer når stjerna blenkjer  
på joletre, på joletre.*

**Tekst:** Johan J. Krohn, 1866, Bernt Th. Anker, 1906  
**Melodi:** Christopher Ernst Frederik Weyse, 1842

# DEN STORE HÅPSFORTELJINGA

«Det hende i dei dagar,» slik byrjar juleevangeliet. Noko stort hende i vår historie som fekk konsekvensar for heile verda. Då Jesus vart fødd, vart Gud eit menneske. Forteljinga om Josef, Maria og det vesle Jesusbarnet er noko av det vaksraste som nokon gong er blitt skrive. Jula viser at vi betyr noko for Gud. Vi er ikkje gløymde, men elskar av Gud.

Dei gamle grekarane snakka om krafta bakfrå. Med det meinste dei at dei gode hendingane i fortida gir oss kraft til å leve i dag. Vissa om ikkje å vere gløymd, men elskar av vår skapar, har bore menneske i både gode og tunge tider. Underet på Betlehemsmarkene har gitt kraft til menneske i 2000 år.



Men grekarane snakka ikkje berre om krafta bakfrå, men også om krafta forfrå. Med forfrå tenkte dei på kva som ein gong skal skje. Kva vi trur om framtida påverkar livet vårt her og no.

Juleevangeliet handlar ikkje berre om kva som ein gong hende i vår historie. Det inngår i den store forteljinga om kva som ein gong skal skje med oss og vår verd. «I dag er det fødd dykk ein Frelsar, han er Den salva, Herren», song englane. Mot slutten av sitt liv på jorda hende det noko dramatisk i Jesu liv. Ikkje berre vart Gud menneske, han gav også sitt liv på ein kross. Lovsongen og gleda frå Betlehemsmarkene vart bytt med klage, sorg og død. Det er for å gi mitt liv for dykk, eg er komen, sa Jesus.

Men heller ikkje Jesu død er siste ordet i kva som skal skje med oss og denne verda. Jesu oppstode frå dei døde endra vår framtid. Disippelen Peter skriv til venene sine for å oppmunstre dei: «Velsigna er Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som i si store miskunn har fødd oss på nytt til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde. (1. Pet 1,3)»

Desse orda blir lesne ved kvar dåp i kyrkja og når vi tek farvel med eit kjært menneske. Han som vart fødd som eit lite forsvarslaust barn, viste seg å vere sterkare enn dødens og mørkets makt. Gud skal ein gong skape ei ny verd der det er slutt på all vondskap og liding. Vi ved-kjenner at vi trur på «lekamens oppstode og det evige liv». Det er ikkje døden og mørkret som sigrar til sist.

Vi lever i mørkare tider enn på lang tid. Svein Ellingsen skildrar oppstoda som «lyset frå Guds framtid». Med lyset frå Betlehemsmarka og lyset frå Guds framtid får vi hjelp til å leve her og no. Også når livet er krevjande. For det er berre med krafta bakfrå og forfrå at livet kan levast i notida.

Velsigna advents- og juletid!

*Stein Reinertsen  
Biskop i Agder og Telemark*



---

# ME STAKK INNOM

---

## **Førjolssamtale med Monica Eilefstad Sprinkle i Sør-Carolina i USA**

Denne serien med samtaler har hatt same namnet heilt sidan Kjell Åsen, Johan Trondsen og Olav Jortveit «stakk innom» sambygdingar og slo av ein prat. Seinare er det som kjent blitt mogleg at me òg i blant kan ha samtaler med folk som bur under fjernare himmelstrøk, men samtidig ikkje meir enn eit par tastetrykk unna. Slik blir det til at me ein novemberdag tek kontakt med ei treungjente som i ein del år har budd på den andre sida av Atlanteren, Monica Eilefstad Sprinkle.

### **«Over there» som au pair-jente**

Monica fortel at ho drog over til USA i 1996, til ein familie i staten Michigan som ville ha ei au pair-jente i huset. Då ho kom fram, hadde familien alt lagt planar om å flytte til Charlotte i staten Nord-Carolina, og etter to veker blei ho med på lasset sørover.

– Eg hadde i grunnen tenkt at eg skulle bli eitt års tid i USA, fortel Monica, – men slike planar kan som kjent endre seg underveis. For meg var det lett å like meg i Sørstatane med sol og god varme nesten heile året. På den tid var det òg fleire norske jenter som var i au pair-arbeid i distriktet her. Ja, og så skapte det ei trygg og god stemning at det var så lett å bli venner både med dei og med andre som budde her. Etter kvart er me blitt ein stor, norsk venninnegjeng som møtest, og som blant anna steller til 17.mai-feiring. Ja, rett bort i gata, der eg bur nå, kan eg stikke innom ei norsk venninne.

– *Og det at du treivst så godt, gjorde vel sitt til at du fekk tankar om å vere lengre.  
Fekk du ordna med ny au pair-avtale?*

– Ja, det kunne eg kanskje ha greidd, men nå fekk eg òg lyst til å skaffe meg meir utdanning, og slik blei det til at eg ordna meg med studentvisum. Deretter arbeidde eg som hjelpepleiar på eit sjukehus som har ein prøverøyrsklinikks som spesialavdeling. Då fekk eg nok òg kjenne på at arbeidslivet i USA ikkje er heilt det same som i «gamlelandet». Her er det lange arbeidsdagar og mindre med ferie.

### **Familieliv, meir utdanning og spennande yrkesliv**

– *Og her – i det som blir kalla «Solbeltet i USA» – fekk du òg din eigen familie?*

– Ja, etter eit par år her nede møtte eg mannen min, Allen, og me har vore gift i 24 år. Me har busett oss i Fort Mill i Sør-Carolina, ein liten forstad, eller «suburb» som det heiter her, og som ligg litt utanfor byen Charlotte i Nord-Carolina. Me har to søner, Taylor og Erik, som nå går på college i Columbia. I oppvekståra har dei lika å vere med i idrett, Taylor i baseball og Erik i lacrosse, eit hardt og raskt lag spel der ballreet crosse er med.

Då gutane var små, var eg heimeverande nokre år, men då dei kom opp i tenåra, fekk eg lyst til å få meir utdanning. Eg gjorde då unna eit eigedomsmeklarstudium, ei utdanning som førte meg inn i yrkesliv som eg stortrivst med. Ein stor fordel er at eg som sjølvstendig næringsdrivande kan lage min eigen dags- og timeplan.

### **Fritid og jolefeiring**

– Ja, når ein har vakse opp i Treungen med fjell, vatn og skogar, så er det ikkje fritt for at tankafer tilbake til slike landskap i blant, seier Monica, før ho fortel at familien for nokre år sidan

fekk seg hytte opp i fjella i Nord-Carolina. Her kan dei få oppleve både snø og skiføre, ja, det er heller ikkje så sjeldan at dei får auga på ein og annan bjørn som kjem tassande i skogkanten. Elles tek òg familien turar ned til havstrendene i Nord- og Sør-Carolina eller heilt nede i Florida.

– *Du reiser òg stadig over Atlanteren til heimlege fjell og vatn?*

– Ja, eg reiser heim ein gong i året. Det gjer verkeleg godt å få treffe familie og venner. Då vil me òg gjerne ha med oss turar i den norske fjellheimen og få kjenne på god, frisk fjellluft.

– *Det går mot jol. Har de både norske og amerikanske tradisjonar i jolefeiringa?*

– Ja, fyrst vil eg få seie at eg er veldig glad i jola. I familien vår finn me fram ein del pynt og dekorasjonar alt i november, ja, jolemusikk og jolefilmar blir det òg. Eg skulle nok gjerne kunne sjå fram til «White Christmas», men det får me nok ikkje her i «Solbeltet». Jola er nok litt annleis her enn heime. Det blir ei blanding av norske og amerikanske tradisjonar. Fyrste joledag er den store dagen her. Då har strømpene kome på plass på peisen, og då er det tid for å glede kvarandre med jolegåver.

Elles har me jolekveldsmiddag med kalkun og riskrem og krumkaker. Fyrste joledag er det norsk jolefrukost og seinare på dagen er det middag med lam på menyen.

Og ja, eg kjenner på at eg er glad i mange av dei norske jolesangane, så eg må høre og nynne på dei. Av jolesangane i amerikansk tradisjon er det nok spesielt både med tekst, melodi og stemning med *The Little Drummer Boy* (Den vesle trommeguten), synest eg.

– Ja, jola er ei god høgtid der me får roe ned og ha betre tid for kvarandre. Eg set òg stor pris på familie og venner som kjem på besøk til oss, seier Monica, som til slutt gjerne vil sende dei beste ynske for jola og det nye året til familien heime og til alle kjende og kjære i heile Nissedal kommune; heimstaden med røter og arv, med landskap og sambygdingar som ho ber med seg inn i nye dagar i Sør-Carolina.

TV



Allen, Monica, Erik og Taylor.



Taylor, Monica og Erik.

# TRUSOPPLÆRING

## Sundagskulen i Kyrkjebygda

Pauline og Astrid takkar for seg i sundagsskulens teneste. Det har vore ei glede å vise borna bibelforteljingane, og gje dei Guds signing inn i livet.



STØRST AV ALT

*Pauline Gundersen Nordbø hadde sin siste sundagsskuletime den 1. desember- etter 41 års teneste på ulike stadar i landet. Her saman med Rune og Linnea på Kyrkjebygda bedehus.*

*Foto: Elin Tjønn*



## Aldri aleine – Treungen bedehus

Aldri aleine er eit trusopplegg for 5. - 7. klasse i heile kommunen. Her møtast me på bedehuset i Treungen for samling, leik, aktivitetar og is. 😊  
Me er opptekne av god stemning og eit inkluderande fellesskap der alle er ulike og unike.

*Datoar for våren kjem på kyrkja si nye heimside. Følg med.*



## Juletrefest

**Treungen bedehus**  
Sundagsskulens  
juletrefest er  
5. joledag  
i Treungen  
bedehus  
kl.17.00.

## Supermåndag - Fjone bedehus

Alle barn i barnehagealder er velkomne til samling, song og leik på Fjone bedehus. Ein måndag i månaden vert heile familien invitert til å ete middag saman. Når det er middag for heile familien- hugs å gje beskjed til Mari eller Hans-Christian kor mange som kjem seinast fredagen før.

Stikkord for ramma rundt arbeidet er:  
**Tru - håp- livsglede**

*Dato for oppstart og samlingane vert å finne på kyrkja si nye heimside*

**Sundagskule på Felle held fram ein måndag i månaden.**

## Babysong

Er du heime i permisjon med barn, og har lyst til å vere med på babysong? Me samlast ein torsdag i månaden på kvileheimen i Treungen klokka 11.

Dataar for våren 2025:

- 30. januar
- 27. februar
- 27. mars
- 24. april



## **Nattkafé – Treungen bedehus**

3 laurdagar i halvåret arrangerer Nissedal sokneråd **Nattkafé** på Bedehuset i Treungen:  
Vårens datoar kjem ut både på FB og kyrkas nye heimside..

Velkomen til **Nattkafé** på Treungen Bedehus, som er ope for alle og som jobbar for eit inkluderande, rusfritt, hyggeleg, leikande og aksepterande miljø. Servering av pizza på kvar **Nattkafé**.

Vi har mange ulike aktivitetar du kan halde på med: spel, kortspel, bordtennis, luftgeværskyting, kahoot, biljard, sjakk, gode samtaler, relasjonsbygging, leik og mykje meir. Du vil også få med deg ein kveldstanke om livet!

**Nattkafé** er for ungdommar frå 8. klasse til og med vgs.

Ynskjer du å ta kontakt? Er det noko du lurar på? Treng ditt barn tilrettelegging?  
Ta kontakt med leiar Anita Haugstad Haugsjå på tlf: 94472235.

### **Fjone Bedehus**

Damenes kvar første torsdag i månaden  
kl 19.00.

### **Konfirmantane i førre blad**

Det var Morten Øen som var fotograf på  
konfirmantbiletet i førre blad.



### **Katolske messer våren 2025 i Treungen kyrkje**

Alle messene er kl. 15.00

26. januar  
16. februar  
3. mars  
20. april 1. påskedag  
25. mai  
15. juni

## **Konsert i Nissedal kyrkje**

Diakoniutvalet inviterer til glad-konsert  
med støtte til Fasteaksjonen

Sundag 9. mars kl 18, i Nissedal kyrkje.

Jan Haugen, med fleir byr på ei  
Gospel/country-oppleveling!

Så set av kvelden for godt fellesskap,  
også med konfirmantane!



# NORMISJON – TREUNGEN BEDEHUS



## Januar

- Torsdag 09. kl.19.00 Bøn og samtale  
Torsdag 16. kl.19.00 Temakveld «Primary Needs»  
v/ Bjørn Torleif Lia  
Torsdag 23. kl.19.00 Dugnad/fellesskap

## Februar

- Laurdag 01. kl.18.00 Møtehelg v/Jens Bergsland  
Sundag 02. kl.11.00 Møtehelg v/Jens Bergsland  
Torsdag 06. kl.19.00 Årsmøte  
Torsdag 13. kl.19.00 Bøn og samtale  
Torsdag 20. kl.19.00 Bibeltime, Arvid Hunemo

## Mars

- Torsdag 06. kl.19.00 Dugnad/fellesskap  
Torsdag 13. kl.19.00 Bibeltime, Arvid Hunemo  
Fredag 21. kl.19.00 Møtehelg v/ Nils Kåre Strøm  
Laurdag 22. kl.19.00 Møtehelg v/ Nils Kåre Strøm  
Sundag 23. kl.17.00 Møtehelg v/ Nils Kåre Strøm

## April

- Torsdag 03. kl.19.00 Dugnad/fellesskap  
Onsdag 09. kl.19.00 Møte i Haugsjåsund  
Torsdag 10. kl.19.00 Bøn og samtale  
Torsdag 24. kl.19.00 Møte, Ulf Børje Rahm

## GUDSTENESELISTE MED OFRINGAR

### Januar

- |     |       | Offer:             |
|-----|-------|--------------------|
| 12. | 11.00 | Treungen frikyrkje |
| 19. | 11.00 | Treungen kyrkje    |
| 26. | 11.00 | Nissedal kyrkje    |

### Februar

- |     |       |                 |                          |                    |
|-----|-------|-----------------|--------------------------|--------------------|
| 02. | 11.00 | Nissedal kyrkje | Familiegudsteneste       | Trusopplæringa     |
| 16. | 11.00 | Treungen kyrkje | Tårnagentar, kyrkjekaffi |                    |
| 23. | 11.00 | Nissedal kyrkje | Kyrkjelydsarbeidet       | Kyrkjelydsarbeidet |

### Mars

- |     |       |                 |                     |                   |
|-----|-------|-----------------|---------------------|-------------------|
| 02. | 11.00 | Treungen kyrkje | Acta Telemark       |                   |
| 16. | 11.00 | Nissedal kyrkje | Acta Telemark       |                   |
| 23. | 11.00 | Treungen kyrkje | Familiegudsteneste  | Trusopplæringa    |
|     |       |                 | Kode B, kyrkjekaffi |                   |
|     |       |                 | Årsmøte             |                   |
| 30. | 11.00 | Nissedal kyrkje | Diakoniensdag       | Diakoniprosjektet |

### April

- |     |       |                 |                         |                    |
|-----|-------|-----------------|-------------------------|--------------------|
| 13. | 11.00 | Felle Kapell    | Palmesundag             | Diakoniprosjektet  |
| 13. | 17.00 | Fjone bedehus   | Palmesundag             | Diakoniprosjektet  |
| 17. | 17.00 | Nissedal kyrkje | Skjærtorsdag, kveldsmat | Kyrkjelydsarbeidet |
| 18. | 11.00 | Treungen kyrkje | Langfredag              | Kyrkjelydsarbeidet |
| 20. | 11.00 | Nissedal kyrkje | 1. påskedag             | Kyrkjelydsarbeidet |
| 27. | 11.00 | Vinje           | Diakonisamling          |                    |

Treng du skyss til gudsteneste, kan du ringe Liv Lia tlf: 414 470 19 (Treungen) og Astrid Eidem Nordal tlf: 936 594 21 (Nissedal).

Fjoneferja går ekstra avgang viss det er ønskeleg når det er gudsteneste i Nissedal. Ta kontakt med dei.

# TREUNGEN FRIKYRKJE VÅREN 2025



## Desember

24. 15.00 Jolegudsteneste

## Januar

05. 19.00 Husgrupper  
07. 18.00 Kvinneforening  
08. 11.30 Andakt og kaffi på NOS-talgi  
12. 11.00 Felles familiegudsteneste.  
14. 18.00 Dugnad og fellesskap  
15. 17.30 Friklubb og Lollipop  
19. 19.00 Husgrupper  
21. 18.00 Kvinneforening - Årsmøte  
22. 11.30 Andakt og kaffi på NOS-talgi  
25. 14.00 Temahelg: Nådegåver.  
26. 11.00 Gudsteneste. Nattverd.  
Arvid Hunemo  
29. 17.30 Friklubb og Lollipop

## Februar

02. 19.00 Husgrupper  
04. 18.00 Kvinneforening.  
05. 11.30 Andakt og kaffi på NOS-talgi  
09. 11.00 Gudsteneste. Nattverd  
11. 18.00 Dugnad og fellesskap  
12. 17.30 Friklubb og Lollipop  
16. 19.00 Husgrupper  
19. 11.30 Andakt og kaffi på NOS-talgi  
23. 18.00 Kveldsgudsteneste. Alpha  
25. 18.00 Kyrkjelydens årsmøte  
26. 17.30 Friklubb og Lollipop

## Mars

02. 19.00 Husgrupper  
04. 18.00 Kvinneforening  
05. 11.30 Andakt og kaffi på NOS-talgi  
09. 11.00 Sundagsskule for alle  
Tur til Godthol om det er vêr  
og føre til det.  
11. 18.00 Dugnad og fellesskap  
12. 17.30 Friklubb og Lollipop  
15.-16. MyeMerfestival-Skiens  
16. 11.00 Gudsteneste. Nattverd

18. 18.00 Kvinneforening  
19. 11.30 Andakt og kaffi på NOS-talgi  
19. 16.00 Middag. Trusopplæring  
23. 19.00 Husgrupper  
26. 17.30 Friklubb og Lollipop

## April

01. 18.00 Kvinneforening  
02. 11.30 Andakt og kaffi på NOS-talgi  
05. 11.00 SLUSH kurs  
06. 11.00 SLUSH – gudsteneste  
08. 18.00 Dugnad og fellesskap  
09. 17.30 Friklubb og Lollipop  
13. 11.00 Familiegudsteneste –  
Palmesundag  
17. 11.30 Nattverdsamling på NOS-talgi  
18. 18.00 Framsyning «Klippen»  
50 årsjubilem.  
20. 11.00 Høgtidsgudsteneste  
23. 17.30 Open Friklubb  
27. 19.00 Husgrupper  
29. 18.00 Kvinneforening  
30. 11.30 Andakt og kaffi på NOS-talgi

**Ynskjer du å starte i ei av husgruppene våre  
så ta kontakt med: Lena Haugsjå: 90685202**

**Vil du bli fast givar?**

**Ta kontakt med kasserar tlf: 48046377**


**Treungen frikyrkje sin gavekonto  
2714.10.06628 Vipps nr.27037**

**Temahelg om nådegåver 25.-26.jan**

Denne helga får vi besøk av Arvid Hunemo.  
Vi er ulike og har ulike gåver og talent, men vi  
treng kvarandre for å få gode og sunne felles-  
skap. Vil du finne ut meir om deg sjølv og dine  
gåver? Velkommen på temahelg!


## SLUSH-kurs 5. april

Dette er eit kurs for leiarar frå mellomtrinnet.  
Her blir det leik, slush og undervisning. Det  
er sundagsskulen Norge som held kurset og vi  
håper tweens frå ulike sundagsskulular og barne-  
grupper i kommunen vil med på kurs. Ta kon-  
takt med Rut S Nielsen, 93468174 for meir info.



# MELDINGSBLAD

## NISSEDAL KOMMUNE



Nr. 4

2024

### **Nissedal kommune set alkovett på dagsorden: – Ein tryggare, sunnare og meir bevisst kommune**

Torsdag 21. november signerte Nissedal kommune og Av-og-til samarbeidsavtale.



Nissedal kommune forpliktar seg dermed til å jobbe aktivt for å redusere dei negative konsekvensane av alkohol i samfunnet.

Marte Sletten frå Av-og-til var på besøk i Nissedal i forbindelse med markeringa:

– Det er veldig flott at vi har fått Nissedal med på laget, det betyr mykje. Kommunen møter folk der dei bur, og ved å forene krefter får vi til meir. Vi ser fram til mykje godt førebyggingsarbeid saman med Nissedal, seier Sletten.

Ordførar Ian Parry-Jones signerte samarbeidsavtala på vegne av Nissedal kommune. Han ser fram til samarbeidet:

– Dette er ein viktig milepål i det førebyggande helsearbeidet vi gjer her i kommunen. Å samarbeide med Av-og-til om alkohol er eit steg i riktig retning av ein enda tryggare, sunnare og meir bevisst kommune, seier Parry-Jones.

Han legg til at alkoholførebygging har ein naturleg plass i det lokale folkehelsearbeidet og kommunens arbeid med å sikre gode oppvekstmiljø.

Nissedal er dermed ein av 66 kommunar som jobbar saman med Av-og-til for å førebygge og redusere skadeleg alkoholbruk, og gjere kvardagen tryggare for alle som bur i kommunen.



## **Saman for godt alkovett**

Alkovett er spesielt viktig på nokon område, og satsingsområda til Av-og-til i perioden 2021-2025 er folkehelse, barn og unge, idrett, båt og ungdom.

Av-og-til-koordinator i Nissedal, Kristin Parkinson Vågen, ser fram til eit godt og nært samarbeid med organisasjonen.

– Vi skal sette alkovett høgare på agendaen i Nissedal med ulike tiltak lokalt, og delta i nasjonale informasjonskampanjar om alkohol, og vi gleder oss til mykje godt førebyggingsarbeid saman med Av-og-til, fortel Vågen.

Framover vil kommunen og Av-og-til jobbe saman for godt alkovett i situasjonar der alkohol utgjer ein risiko, eller kan vere til ulempe for ein sjølv og andre.

– Målretta og tilpassa førebygging i kommunen er veldig viktig. Vi vil rett og slett oppfordre folk til å bruke alkovett i kvardagen. Det handler om å tenke over korleis alkohol kan påvirke oss og menneskene vi har rundt oss, avslutter Sletten.

## **Fakta om Av-og-til**

- Jobbar med haldningsskapande arbeid for godt alkovett i samfunnet.
- Arbeidet er retta mot situasjonar der alkohol utgjer en særleg risiko eller kan vere til ulempe for andre.
- Bak Av-og-til står politiske parti, faglege- og frivillige organisasjonar.

Les meir om Av-og-til her: [www.avogtil.no](http://www.avogtil.no)

## **Kontakt Av-og-til:**

Marte Sletten, Av-og-til,  
ansvarleg for kommunesamarbeidet  
til Av-og-til  
Mobil: 950 81 909  
E-post: [marte@avogtil.no](mailto:marte@avogtil.no)

Kristin Parkinson Vågen,  
Av-og-til-koordinator  
i Nissedal kommune  
Mobil: 409 20 832  
E-post:  
[kristin.vagen@nissedal.kommune.no](mailto:kristin.vagen@nissedal.kommune.no)



# MADONNAFIGUREN FRÅ STAVKYRKJA PÅ TVEIT. KVA SKJER?

I fjor i oktober gjekk eg på Nisserstien og eg let tankane flyge fritt, som eg vanlegvis gjer når eg gjeng i terrenget. Då skjedde det noko rart. Det var neste som ei røyst frå himmelen tala til meg. «Du skal lage ein kopi av madonnafiguren frå Tveit som ligg i eit magasin på Kulturhistorisk museum i Oslo og den skal du betale». Dette var heilt nytt for meg. Eg hadde ikkje tenkt tanken tidlegare.

Men dette var då ein god og spennande ide, tenkte eg, rart eg ikkje har tenkt på dette før. Der som dette er Guds vilje, legg det seg nok til rette. Og det har det gjort. Det har vore innom alle instansar, sokneråd, biskop, prost og riksantikvar, og der har vore videokonferanse mellom oss i komiteen i Nissedal og Kulturhistorisk museum og treskjeraren.

Landets beste og mest profesjonelle treskjerarverkstad stå klar og gleder seg veldig til arbeidet. Torgeir Nordal og eg besøkte dei i april. Dei har laga fleire madonnaskulpturar tidlegare, både til Hove kyrkje i Vik i Sogn og Mære kyrkje i Trøndelag. Men prosjektet er blitt forsinka. Kulturhistorisk museum brukta lang tid på å gje løyve til å lage ein kopi. Figuren er nå blitt tredimensjonalt skanna på Kulturhistorisk museum og skal formast i plast på arkitekthøg-



Frå Treskjererverkstedet på Fornebu i april. Frå v. treskjerarane Jon Anders Fløistad, Boni Wiik og August Horn. Skulptur av Olav den Heilage og Olav Jakob Tveit. Foto: Torgeir Nordal.

skulen. Men datafila var for komplisert for arkitektane og måtte tilbake til folka på museet. Prosjektet er ei blanding av moderne datateknologi og gamaldags treskjerarkunst.

Men etter ein telefon i dag, 25. november, høyrer eg at dataproblema er løyst og at dei jobbar med modellen på arkitekthøgskulen og treskjerarverkstedet har eikestokken klar. Figuren blir skåren ut manuelt. Og når dei først sett i gang, har arbeidet høgste prioritet. Men skulpturen skal også målast. Det skal gjerast i Lund i Sverige og det kan ta lang tid. Det er viktig at dei forskjellige fargane får god tid til å turke. Men ein gong neste år er den ferdig og skal setjast på ei hylle ved korbogen på motsett side av preikestolen. Figuren er 75 cm høg. Maria sit på ei trone med Jesusbarnet på fanget.

Dette er eit spennande og morosamt prosjekt. Det finst så lite av middelalderkunst i våre kyrkjer. Skulpturen er laga ca. 1275, i 1863 reiste den her frå bygda og i 2025 kjem Maria og Jesusbarnet tilbake. Plutseleg når eg skriv dette, ser eg at det skjer i 750 jubileumsåret for Tveit madonnaen.

Av og til blir eg redd. Kva har eg stelt i stand? Tenk om den originale figuren ikkje er så fin som eg trudde. Tenk om den ikkje passar inn i kyrkja. Tenk om fargane er stygge? Det blir spennande å sjå. Eg håper at mange møter opp i kyrkja under avdukinga.

*Olav Jakob Tveit*

Øvre Telemark Begravelsesbyrå

## Øvre Telemark Begravelsesbyrå AS

avd. Seljord, Rauland og Gransherad

### Alt innan gravferd

- Oppsetting, oppussing og påskrift av gravminne
- Heilårs gravstell

### Alt innan minnesamvær

- Levering av blomar i samarbeid med

**Blomsterstemming** 3800 Bø i Telemark,

**Vinje Fjellflora** 3864 Rauland og

**Fru Tveit** 3855 Treungen



Ta kontakt for pristilbod



Døgnvakt

[telemarkbegravelse.no](http://telemarkbegravelse.no)

tlf. 466 90 000 | [post@telemarkbegravelse.no](mailto:post@telemarkbegravelse.no)

**Seljord:** Mosasida 215, 3840 Seljord

**Rauland:** Brendeberg 4, 3864 Rauland

**Gransherad:** Torrudmoen 47, 3691 Gransherad

Trygt, omsorgsfullt og verdig



## Vest-Telemark

GRAVFERDSBYRÅ

Tidlegare Tokke begravelsesbyrå  
og Seljord gravferdsbyrå

DØGNVAKT

928 13 634

Gravferdstenester. Gravstein.  
Omsliping, påskrift, vask og oppussing  
av eldre gravstein.

[www.vtgravferd.no](http://www.vtgravferd.no)

# Draumkvedet

i Treungen kyrkje laurdag 11. januar 2025 kl. 17.00

Trettandag jol er ofte dagen for å høyre draumkvedet ein eller annan stad. Nå blir det her i kyrkja på ettermiddagen laurdag den 11.januar. Det er songaren vår i bygda, Bjørn Dagfinn Tveit, som syng. I tillegg er meisterspelemann Alf Tveit frå Sauherad med på hardingfele, og organist Olav Svalastog.

Draumkvedet er eit visjonsdikt frå 1300-talet som blei funne i Vest-Telemark rundt 1840. Det hadde då overlevd i muntleg tradisjon i fleire hundreår. Også overlevd reformasjonen. Det handlar om Olav Åsteson som hadde ein draum der han reiste ut av denne verda og såg til himmelriket og helvete. Han såg det vonde og det gode, domen der Sankte Sålemikjel vog sjelene på skålvekt. Noken vog han til Jesum Krist, dei menneska som hadde gjort gode gjerningar i livet.

Bjørn Dagfinn syng etter Sondre Bratland sin versjon. Hardingfeleslåttar og orgel rammar inn og lagar avsnitt i framføringa og understrekar det mytiske og undrande ved visjonen.

«Han la seg ned om joleftan sterkan svevnen fekk.  
Vakna ’kje att før trettandagen  
då folket åt kyrkjun’ gjekk.  
Og det var Olav Åsteson som heve  
sove so lengje.»

Så kom han til kyrkja og fortalte kva han hadde sett i draumen.



Olav Åsteson på veg ned i dødens rike. Måleri av Olaf Willums.  
Foto: Porsgrunn Kommunes Kunstsamling.



**Hellerdals**  
- begravelsesbyrå -

Vi er her for deg ♥

Døgnåpen vakttelefon hele året - 37 15 53 05  
[www.hellerdals.no](http://www.hellerdals.no)

Kragerø & Drangedal  
**Begravelsesbyrå**  
– etablert 1960 –



Verdighet ved  
livets slutt

**www.bkd.no**

Vakttelefon hele døgnet, 7 dager i uken: 35 98 21 94

---

# BLI KJENT MED SALMEBOKA

---

## Fader, som frå allmaks sete

T: P.F.Hiller – O: B. Norheim – M: Norsk Folketone (Trysil)

Ein dag i jola eg føler blir lite eller ikkje markert i det heile, er andre joledag, også kjent som Stefanus-dagen. Derfor har eg valgt ei salme for denne dagen

*1. Fader, som frå allmaks sete  
høyrer fuglens varselslæte.  
høyri ei bøn for dei som blør,  
og som lid i spott og trengsel.  
Fri dei ut or tvang og fengsel,  
du som sprenger trældomsdør*

*3. Rop når dei av slit kan sløvast  
rop når dei ved list skal prøvast,  
og dei svike kan si tru!  
Når dei teier eller vitnar,  
når i pinslestund dei kvitnar,  
deira målsmann vere du!*

*2. Med sitt lovnadsord dei styrke  
kveik ditt ljós på stader myrke,  
fyll dei med din Andes eld.  
Vel du merke lengten såre,  
telje kvar ei løynleg tåre  
syn dei at din lovnad held!*

*4. Krist, som sjølv i angst har lide  
og på siger sårt laut bie,  
gjev kvart vitne mot og tål.  
Lær dei trygt på deg å vone,  
minn dei om di tornekroner  
og din kjærleiks veg og mål!*



Første og andre joledag kan på mange måtar opplevast som to motpolar, da kontrastane ikkje kunne vore større. Første joledag vitnar om den høgste himmelglede medan andre joledag er stikk motsatt, om den djupaste liding, martyriet. Likevel er det ein samanheng mellom desse dagane. Det vesle barnet i krybba måtte også gå lidingsvegen og på den måten opna det den himmelen Stefanus såg då han vart steina.

«I går vart Kristus født til jorda. I dag var Stefanus født til himmelen». Dette gamle uttrykket på Stefanus-dagen seier noko veldig sentralt om samanhengen mellom desse dagene.

Denne samanhengen er også sentral i denne salmen. Heile salmen er ei bønn til Gud om at Han må vera vårt vern og støtte, og kanskje spesielt for dei kristne som blir forfølgt for si tru. Siste verset er ei påminning om Kristi liding og ei bønn om kraft og mot.

Teksten er av tyske Philipp Friedrich Hiller. Han var prest, men mista tilslutt stemma. Då vart det desto viktigare å skrive salmer. Av dei over tusen salmene han har skrive, er det kun denne som står i vår salmebok.

Melodien er ei nydeleg folketone frå Trysil, kanskje mest kjent til Landstand sin salme «Slokt er dagens lyse flammer» som ikkje lenger står i Norsk Salmebok. Salmen står på nummer 74 i dagens utgave av salmeboka.

---

## EI TALE FOR DEN SOM SER

---

Kryssordboka mi har 71 synonym for ordet «betrakte». Det er betrakteleg fleire enn eg treng i dag. Det siste forslaget, og det som hadde flest bokstavar er: «la augo kvile på». Det var ei god forklaring på ordet betrakte, som inneheld akkurat det eg tenkjer på når eg ser dette biletet. Andre forslag var til dømes «halde auga med» eller «kritisere». Dei har ei meir negativ vinkling.

Å la augo kvile på noko, krev at eg har ro på meg til å sjå på noko over litt tid. Førjolstida kan vere hektisk. Då skal ein rekke alt det vanlege pluss alt ekstra som har med jol å gjere. Me vil gjerne gjere det koseleg og greitt for alle, og det er eit godt mål. Men la oss ikkje ordne og stelle så mykje at me ikkje får tid til å sjå rundt oss.

Eg fekk eit postkort med eit dikt for ei tid sidan. Der stod det:

*Pust inn. Pust ut. Pust inn. Pust ut. Fortsett.*

Kva han tenkte på, guten på biletet, er ikkje godt å seie, men med handa i lomma og blikket mot svanene, ser det ikkje ut som han stressar. Kanskje han drøymde om å få sitje på med ei svane og fly langt bort. Eller kanskje tenkte han her og nå- Eg skulle tatt med dei tørre brødskorpene så kunne svanene fått mat. Han stod i alle fall i ro ei stund og let augo kvile på svanene. Og eg trur han pusta med magen.



Mykje er «heilt nødvendig» før jol. Noko som er like nødvendig nå som elles i året, er at me finn tid og ro til å kvile augo på kvarandre.

Og det er faktisk på den måten Gud vel-signar oss menneske. Høyr bare: *Herren velsigne deg og vare deg! Herren la sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig! Herren lyfte sitt andlet mot deg og gje deg fred!* (4.Mosebok 6.24-27, som du også høyrer på slutten av gudstenesta i kyrkja kvar sundag.)

Gud vil betrakte deg, han vil kvile augo sine på deg, og det er godt for oss om me gjer det same med kvarandre.

God adventstid!

**GBR-M.**

# FRÅ KYRKJEBOKA

## Opningstider

### på kyrkjekontoret:

Tysdag-torsdag 10–14.

Elles treffetid etter avtale.

Kontoret kan vere ubemanna

pga. oppdrag ute.

Tlf: 350 48 443/350 48 449

## Hallvard Nordbø

### Jørgensen

sokneprest

Mobil: 95 92 29 84

E-post: hallvard.jorgensen@tokke.kommune.no

## Marte Martilla Dybdal

Konfirmantprest

Mobil: 47 17 72 27

E-post: madyb@fyresdal.kommune.no

## Bente Meyer

kyrkjeverje

Mobil: 99 54 45 43

E-post: bente.meyer@nissedal.kommune.no

## Hans-Christian

## Stana Borstad

kyrkjeverje

Mobil: 91 89 15 28

E-post: hans.borstad@nissedal.kommune.no

## Maria Skjæveland

kantor

Mobil.: 94 06 02 69

## Kyrkjeterinarar

Anne Marie H. Larsson

Leif Lauvdal

## Leiar i soknerådet:

Gerd Irene Sønderland

## Nestleiar i soknerådet:

Astrid Eidem Nordal

## Prostdiakon Eilev Erikstein

Tlf.: 35 07 71 88/91 11 35 80

## KIRKENS SOS

TLF: 22 40 00 40

## Nissedal kyrkje

### Dåp:

- 21.07. Sigurd Hauge Saga, Foreldre: Monica Hauge Saga og Ole Ingolf Saga
- 21.10. Mina Nordbø-Moen, Foreldre: Linda Marie Nordbø og Espen Skindalen Moen
- 21.10. Samuel Nordbø Skindalen- Moen, Foreldre: Linda Marie Nordbø og Espen Skindalen Moen

### Vigsel:

- 21.7. Monica Hauge og Ole Ingolf Saga

### Gravferd:

- 05.09. Tordis Marie Holst d: 22.08.2024, f:1930  
(urnenedsetting)
- 06.11. Ingar Risland d: 25.10.2024, f: 1933
- 22.11. Torgeir Grimstveit d:13.11.2024, f: 1944
- 28.11. Gerd Brekke d:16.11.2024 ,f:1934

## Treungen kyrkje

### Dåp:

- 17.11. Emile Marie Kihle-Vik, Foreldre: Kristina Kihle-Vik og Ole Jakob Vik

### Gravferd:

- 02.10. Jim Tarraldsen d: 12.09.2024, f: 1968
- 08.11. Mari Skretteberg d: 28.10.2024, f: 1944



## **KYKJELYDSBLAD**

for Nissedal sokn utgjevar: Soknerådet i Nissedal

### **REDAKSJON:**

Tor Valle, 3855 Treungen, priv. tlf: 92 48 90 42  
Gunnhild Breivik Rieber-Mohn 3854, Nissedal,  
priv. tlf: 99 42 33 59

**EKSPEDISJON:** Kyrkjekontoret

**GIRO:** 2714.10.15589

Bladet vert sendt ut gratis til alle heimar i Nissedal prestegjeld. Friviljuge  
gåver til bladet vert mottekne med takk.





# Juleglede

Årets juleglede fra Nissedal Frivilligsentral gikk til Sjakklubben med primus motor Gregor i spissen. De har holdt på siden før Corona med en liten pause da. De har hatt lite utstyr, så gleden var stor da vi kunne overekke 5 sjakkbrett med brikker og stoppeklokke. Det de ønsket seg mest var digitalt sjakk til å analysere partia etterpå. Gleden var stor når de så at dette er på plass til neste øving. Sjakklubben favner rundt 25 barn og unge, så et godt tiltak satt i gang av Gregor.

*God jul*

